

Tale ved Ivar Aasen-statuen

Festspela 2023

Tone Slenes, formidlingsleiar i Nynorsk kultursentrum

Godtfolk!

Eg heiter Tone Slenes og er formidlingsleiar i Nynorsk kultursentrum.

I år er tema på Festspela her i Ørsta og Volda “Barnet”. Dette går som ein raud tråd gjennom programpostane. På grunn av dette temaet – og du skal ikkje sjå vekk ifrå at det også var fordi Møre og Romsdal fylkeskommune på nynorskdagen 12. mai publiserte eit bilete av den unge Ivar Aasen som var laga med kunstig intelligens - så har eg i det siste tenkt mykje på kor imponerende det var då den unge Ivar Aasen på berre 22,5 år skreiv ned og hadde ein klar plan for det arbeidet han skulle ta fatt på med å samle dialekter og dokumentere eit norsk språk! Det står det verkeleg respekt av.

Både Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda er to av stiftarane av Nynorsk kultursentrum. I år har me samarbeidd tett med dei for å markere at det er 150 år sidan Ivar Aasen gav ut *Norsk Ordbog med dansk Forklaring i 1873*, som me nettopp opna saman ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Utstillinga står til september og er open for alle.

Det som er flott med den utstillinga, er at ho ser både framover og bakover: Ho trekk ei linje frå Ivar Aasen og dei som kom før han, til ordboksdugnaden midt på 1900-talet og fram til dagens digitale ordbøker og språkteknologi som ikkje endå er oppfunnen. Utstillinga gjev publikum ein smakebit på kva ordbøker og språkdokumentasjon har å seie for eit samfunn og eit språk – og vi håpar at ho kan gje studentar, elevar og andre som måtte kome innom nye tankar og meir kunnskap om kor viktig ordbøker er for identitet, demokrati og framtida.

Når Ivar Aasen gav ut *Norsk Ordbog med dansk Forklaring i 1873*, hadde han nok både identitet, demokrati og framtida i bakhovudet. Han hadde tøffa seg litt opp frå den fyrste ordboka han gav ut, Ordbog over det norske folkesprog i 1850: No torte han å seie høgt at det språket han hadde funne på dei mange reisene sine landet rundt var **norsk språk**, ikkje berre eit folkesprog, og burde verte eit skriftspråk som kunne brukast til alt i framtida. Han ville at det språket vanlege folk brukte munnleg, skulle kunne brukast skriftleg. Og han håpa nok at språket han dokumenterte, gjennom arbeidet hans kunne stå sterkare i framtida.

No i dag er det òg mange som tenkjer på identitet, demokrati og framtida. For oss som arbeider med nynorsk, er utfordringane mange – og makt-ubalansen mellom språka vert ekstra tydeleg når store multinasjonale selskap som Google ikkje utviklar skriveprogram og andre tenester på nynorsk. Det går ut over nynorskelevane i Ørsta og Volda og andre nynorskbygder, der dei får raude strekar under rette ord – **som står i ordboka (!)** – når dei skriv på Crome bookane sine. Det gjer at framtidas nynorskbrukarar får eit dårlegare tilbod enn bokmåselevane. Men trass alt er nynorsk eit språk med ordbøker og mange andre ressursar – korleis er det då for mindre språk som dei samiske språka?

Ordbøker kan ikkje løyse slike problem åleine. Men viss språk får gode ordbøker og språkdata som er tilgjengelege for utviklarar av tenestene som trengst for framtidas språkbrukarar, står dei sterkare. Det er ikkje berre eit spørsmål om identitet og historie, men òg om demokrati og framtida. Det var mellom anna difor vi som jobbar i Nynorsk kultursentrum frå Aasentunet var ein av fleire gode krefter som bidrog til at Språksamlingane og ordbøkene fekk sinn nye heim i Bergen: For at dei kunne utviklast for framtida og styrkje språka våre.

Målet vårt får vere at vi gjennom utstillinga kan bidra til at fleire tenkjer på ordbøker og Språksamlingane i Bergen når dei tenkjer på

identitet, demokrati og framtida! Vi i Nynorsk kultursentrum er no i gang med å omarbeide innhaldet i denne utstillinga til ei vandreutstilling, som lenge etter at utstillinga i Bergen er pakka ned, kan reise frå bibliotek til bibliotek til skular, kommunehuset i Ørsta for eksempel og kulturhus rundt om i landet og spreie denne gode budskapen.

Ivar Aasen samla inn mange ordtak på reisene sine, og forbausande mange av dei handla på ein eller annan måte om ord: Alt i frå kjende ordtak som "Det kan gå troll i ord" til meir ukjende som "Gåande ord vil vekse på vegen". Eg tenkte at det passar å avslutte med å minne om to slike ordtak som seier noko om kor viktig ord er for oss, både i fortid og framtid:

To ting kan nemleg vere sanne samtidig:

"Ein fyller ingen mage med fagre ord." Men: "Eit lite ord gjer somtid store verk."

Takk for meg!